



Kvam herad

Grafisk profilhandbok



«Ein hage ved fjorden»

Føreord

Grafisk profilhandbok for Kvam herad er eit rettleiande dokument ved det visuelle uttrykket for heradet i all kommunikasjon - internt i organisasjonen og eksternt mot publikum.

Den grafiske profilen skal gjennom aktiv bruk, styrka heradet sin identiteten og underbyggja kva Kvam har vore, er og ønskjer å vera.

Bodskapen ligg i innhaldet, medan det visuelle uttrykket skal vera med å underbyggja og synleggjera.

Den grafiske profilen skal vera ei rettesnor til bruk for alle som på ein eller annan måte arbeider i eller representerer Kvam herad.

På denne måten er profilhandboka sin funksjon å **sameina og skapa tilhøyre** - òg for innbyggjarane i Kvam.

Rettleiingane som er presenterte, skal vidare inspirera til bruk og vidare utvikling.

Styrande for kommunikasjon der den grafiske profilen vert teken i bruk, er heradet sin **visjon, strategi og målsetjing**.

Inspirasjon og utgangspunkt for det visuelle uttrykket og dei grafiske elementa er henta frå styrken i **Kvam si historie, identitet og kultur**.

Fargevalet for den grafisk profilen har klangbotn frå **naturen, arbeidet, kulturen og folket** i Kvam.

Fargekombinasjonane skal vera med å vekka assosiasjonar menneska som bur og lever i Kvam kan identifisera seg med.

*Målsetjinga med det visuelle uttrykket i profilhandboka,
er å kombinera **historie og tradisjon** med eit **tidlaust og moderne** formspråk*

Den grafiske profilen for Kvam herad er skapt for å takast i bruk - lukke til !

Profilhandboka og det grafiske uttrykket er utvikla av Hugskot AS

Ved spørsmål knytt til den grafiske profilen, kontakt **Kvam herad v/Øyvind Strømmen**, e-post: oyvstr@kvam.kommune.no

Innhald

0.0 Styrande dokument

- 0.1 Visjon
- 0.2 Strategi og målsetjing

1.0 Logo

- 1.1 Heradsmerket - utgangspunkt for logo
- 1.2 Kvam herad logo-variantar
- 1.3 Retningslinjer ved bruk av logo

2.0 Fargar

- 2.1 Hovudfargar
- 2.2 Fargepalett for Kvam
- 2.3 Komplementære fargeval

3.0 Typografi

- 3.1 Skrifttype design
- 3.2 Skrifttype digitale malar

4.0 Grafiske element

- 4.1 Rosene (krotabord)
- 4.2 Mønstervariasjonar

5.0 Fotostil

- 5.1 Biletbruk

6.0 Annonсар

- 6.1 Stilling
- 6.2 Møte/aktivitet
- 6.3 Informasjon

7.0 Kontormateriell

- 7.1 Brevark
- 7.2 Konvoluttar
- 7.3 Stempel
- 7.4 ID-kort

8.0 Digitale malar

- 8.1 Brevmal (Word)
- 8.2 E-postsignatur
- 8.3 Presentasjon (Powerpoint)
- 8.4 Rapportframsider (Word)

9.0 Trykksaker/informasjon - malar (InDesign)

- 9.1 Brosjyre - Faldar
- 9.2 Planar - Meldingar

10.0 Merking

- 10.1 Køyrety
- 10.2 Bygg - Introduksjon
 - 10.2.1 Utvendig
 - 10.2.2 Innvendig
- 10.3 Tilsette

11.0 Messemateriell/display

- 11.1 Rollup

12.0 Internett/Sosiale medium

- 12.1 Facebook profilbilete/logo
- 12.2 Facebook framsidebilete
- 12.3 Snapfilter

0.0 STYRANDE DOKUMENT

0.1 Visjon

Skapa ei oppsiktsvekkjande framtid – create a remarkable future

Visjonen byggjer på samspel, engasjement, vilje til å få til noko, og å vera rause og tolerante med kvarandre. Eit godt ord for dette er «skapa». Å skapa noko betyr å forma, danna eller la noko bli til. Ved å byggja vidare på styrkene som ligg i vår historie, identitet, og kultur skal me skapa ei framtid i Kvam.

Visjonen ligg til grunn for kommuneplanen for 2015-2030. Slagordet ut frå visjonen er :

Framtida er her

Dei samfunna som klarar å skapa ei oppsiktsvekkjande framtid er dei som oppmodar til eksperimentering, dyrkar risikovilje, pleier innovatørar, set pris på kreativitet og fremmar det særeigne. Dette gjev oss fire underbyggjande faktorar:

Talent – Toleranse – Trivsel – Teknologiutnytting

0.2 Strategi og målsetjing

Hovudmålet til Kvam herad er:

Vidareutvikla eit robust og pulserande regionsenter som knutepunkt mellom Hardanger og Bergensregionen.

Kvam må ha fokus på å vidareutvikla eige regionsenter i samspel med lokal- og nærsentra for å vera ei motvekt og eit attraktivt alternativ til sentralisering.

Kommuneplanen set langsiktige mål og strategiar for heile Kvammasamfunnet, Kvam herad sin tenesteproduksjon og kommunen som organisasjon. For å nærme seg målet er det i kommuneplanen formulert 5 viktige strategiområde som me meiner arealdelen bidreg til gode og framtidssretta løysingar for:

Stadutvikling – Bustad – Infrastruktur – Livskvalitet

1.0 LOGO

1.1 Heradsmerket - utgangspunkt for logo

Det opphavlege kommunevåpenet til Kvam herad er i blått og sølv, og teikna av Magnus Hardeland.

Kulturhistorisk vegbok for Hordaland skriv slik om bakgrunnen for våpenet:

Teiknaren hadde nok det tronge Fykkesundet i tankane då han laga våpenet. Men motivet let seg lett knytta til tydinga av ordet kvam - «stad der eit hovud-dalføre knip seg i hop». Dette passar godt med Steinsdalen som endar i ein «kvam» under Tokagjelet.

Logofiler som her er presentert, er ei vidareutvikling og oppdatering av føregående variantar.


Det er teke omsyn til betre symmetri i heradsmerket si ytre form og typografi og tilpassing er ny.

Heradsmerket med sølv er originalen som øvrige logovariantar byggjer på. Heradsmerke i blått og kvitt er logovariant til dagleg bruk. Sølv kan nyttast ved særkilde høve.

I hovudlogo er Kvam herad sett i skrifttypen Macha Bold.

Ved merking for heradet sine tenester og einingar, kan det lagast eigne filer for dette. Hovudtekst skal alltid setjast i feit skrift (Bold). Eventuell undertekst skal stå i magrare skrift (Medium) og versalar og minusklar (store og små bokstavar).

Heradsmerke
blå/sølv
blå/kvitt



Hovudlogo
• **Utan** undertekst
• **Med** undertekst



Kvam herad



Kvam herad
Teknisk eining

Einingslogo
• **Utan** undertekst



Kvam kulturskule

Einingslogo
• **Med** undertekst



Tørvikbygd barnehage
avdeling Nuten

1.0 LOGO


1.2 Kvam herad logo-variantar

Logo for Kvam herad skal nyttast i **liggande variant**.

Dei ulike variantane skal nyttast for best mogleg synleggjering av logo - mot lys og mørk bakgrunn, ved svart/kvitt eller einfarge-produksjon (svart) og som negativ logo (kvit).

I hovudsak bør logo nyttast i farge mot kvit bakgrunn, medan dei andre vaiantane skal takast i bruk der det er gitt andre føringar for plassering, t.d. ved variasjonar i det grafisk uttrykket, sponsorlinjer saman med andre logoar eller spesialproduksjon i ulike materiale.

Heradsmerke
blå/sølv og
namnetrekk i sølv



Kvam herad

Hovudlogo
for lys bakgrunn



Kvam herad

Hovudlogo
for mørk bakgrunn



Kvam herad

Variant for
svart/kvitt-
produksjon



Kvam herad

Variant for kvit
(negativ) vising



Kvam herad

Variant
i gråtone



Kvam herad



Kvam herad

Spesialvariant

med sentrert heradsmerke og tekst
skal **kun** nyttast der bruk av
liggande format ikkje er føremålstenleg



Kvam herad

1.0 LOGO

1.3 Retningslinjer ved bruk av logo

Utgangspunkt for plassering av elementa i logo, er **søyla** som utgjør «dalføret» i heradsmerket

Hovudlogo skal ha ei halv søyle mellom merke og namn. Teksthøgda i namnet tilsvarar breidda av søyla og er plassert ei breidd ned frå øvre kant av merket.

Merk: Tenestoområde eller einingar som nyttar heradsmerket, nyttar same retningslinjer ved oppbygging av logo.

Undertekst skal setjast i magrare teksttype (Medium) og underteksten skal utgjere 70 % av høgda til hovudnamnet og plasserast ei halv søylebreidd under hovudnamnet.

Søyla kan også nyttast som rettesnor for avstandsområde for logo, der logo står for seg sjølv, t.d. ved merking, skilt og dekor. Absolutt minimum bør vere ei halv søylebreidd.

Sjå elles eigne avstandsmål ved grafisk utforming.


Utgangspunkt for innbyrdes oppsett av logo




Einingslogo med like føringar som hovudlogo



Rettleiande avstandsmål for logo åleine (t.d. i logorekkje med andre) og **minimum** avstandselement



Sentrert logo med avstandsmål som hovudlogo



1.0 LOGO

1.3 Retningslinjer ved bruk av logo

Ved grafisk utforming for Kvam herad, skal logoelementa ha tilstrekkeleg luft rundt seg for betre synlegheit. Som ein regel, kan heradsmerket nyttast som mal for avstand.


1. Eksemplet viser tilrådd avstand med ei **halv breidd av heradsmerket** til venstre mot side- og til høgre mot eventuell tekst/element. Dette er eit minstemål, og **meir avstand kan nyttast, t.d. eit heilt heradsmerke**.

Ved høve der kun heradsmerket vert teke i bruk, skal same avstandsmål nyttast. Også i over- og underkant kan føringane som er nemnde vera eit nyttig hjelpemiddel

2. Logo for Kvam herad skal nyttast i storleikar som er føremålstenleg for leseavstand og produksjonsmetode. Slike omsyn skal vurderast ved kvart tilfelle.

3. Det er kun dei originale logofilene som er gjeldande. Andre variantar skal ikkje nyttast, som t.d. andre fargevariantar eller samanstillingar med andre tekststilar. Logo for Kvam herad skal nyttast med dei proporsjonane som er vist i profilhandboka. Unngå krymping eller strekking i breidd eller høgde.

1. Avstandsmål ved grafisk utforming – med utgangspunkt i heradsmerket



2. Logostorleik skal tilpassast leseavstand og produksjonsmåte



3. Eksempel på feil bruk av logo



Krymping horisontalt (eller strekk vertikalt)



Streck horisontalt (eller krymping vertikalt)



Tilfeldig farge på namn



Tilfeldig farge på heile logo

2.0 FARGAR


2.1 Hovudfargar

Fargevalet for Kvam herad sin logo, er lys blå, kvit og i nokre høve sølv.


Ved annan produksjon enn hovudfargane, er det utvikla variantar i svart, grått (50 % svart) og kvitt.

For alle fargar er det egne fargekodar for bruk på ulike plattformer og materiale. Ved ulik produksjon, skal desse retningslinjene etterstrebast, og bruk av eigna fargevifter for samanlikning er eit nyttig hjelpemiddel for konsekvent fargebruk.


*Heradsmerke
Blå*




*Heradsmerke
Sølv*




Svart



Grå



Kvit



Pantone 299 C

CMYK 86 8 0 0
RGB 0 163 224
HEX/HTML #00A3E0
Folie 3M SC 80-123 Light Blue
Lakk RAL 5012 Lichtblau

Pantone 877 C

CMYK 45 34 34 0
RGB 138 141 143
HEX/HTML #8A8D8F
Folie 3M SC 80-58 Aluminium Metallic
Lakk RAL 9022 Perhellgrau

Svart - Pantone Process Black C

CMYK 0 0 0 100
RGB 0 0 0
(RGB-alternativ 39 37 31 for fylde)
HEX/HTML #27251F
Folie 3M SC 80-12 Black
Lakk 9004 Signalschwarz

Grå - Pantone Cool Grey 8 C

CMYK 0 0 0 50
(CMYK-alternativ 23 16 13 46 for fylde)
RGB 136 139 141
HEX/HTML #888B8D
Folie 3M SC 80-605 Medium Grey
Lakk 7045 Telegrau 1 (**alt. til sølv**)

Pantone Cool Grey 3 C (Lys rose)

CMYK **0 0 0 15 (!)**
RGB 200 201 199
HEX/HTML #C8C9C7

Kvit

CMYK 0 0 0 0
RGB 255 255 255
HEX/HTML #FFFFFF
Folie 3M SC 80-10 White
Lakk 9003 Signalweiss

2.0 FARGAR







2.2 Fargepalett for Kvam

Det er utvikla ein fargepalett med klangbotn frå **naturen, arbeidet, kulturen og folket** i Kvam.

Fargane viser til assosiasjonar knytt til Hardanger og heradet, med sine særpreg henta frå kulturhistoria og kvardagen for dei som lever og bur i området.

Fargespekteret er modifisert frå det fargerike uttrykket i blomebarokken - mykje nytta i handverkstradisjonar i Hardanger og Kvam frå slutten av 1700-talet.

Fargepaletten skal vera med på å skapa variasjon i det visuelle uttrykket og kan vera til god nytte for å framheva og skapa gjenkjenning ved variert bruk for dei ulike tenestene i heradet.



Assosiasjonar og inspirasjon:

Folgefonna - Fossar - Elvar - Vatn

*Fjorden - Havbruk - Oppdrett
Skifer - Smelteverk - Lyset innover fjorden
Gravrøysar langs strendene*

*Kulturlandskapa (Botnen)
Landskapsarkane (Fyksesund)
Naturbeita*

*Skogkledder - Kvamskogen
Oppgangssaga - Eikeskog*

Jordbruk - Fruktdyrking - Sider

*Bronse - Musea - Ungdomshusa
Felene - Båtbygging - Hardangerjakt*

2.0 FARGAR


2.3 Komplementære fargeval

Det er utvikla **tre fargepar** med eigne namn på fargane for brukarvenleg referanse. Teknisk informasjon er utarbeidd for utforming og produksjon.


Den lysaste varianten i fargeparet kan også nyttast i **20% fargestyrke**. Dette er rettleiande for kontrast til grunnfarge, ved behov for nedtoning av dekorelement eller som bakgrunn for mørk tekst.

For **folie og lakk** er det teke omsyn til standardfargar for å hindre fordyrande spesialtilpassingar ved produksjon.


Bre




Fjord




Eng




Skog



Frukt



Arv



Pantone 299 C

CMYK 86 8 0 0
RGB 0 163 224
HEX/HTML #00A3E0
Folie 3M SC 80-123 Light Blue
Lakk RAL 5012 Lichtblau

Pantone 541 C

CMYK 100 58 9 46
RGB 0 66 114
HEX/HTML #004272
Folie 3M SC 80-1789 Fjord Blue
Lakk RAL 5010 Enzianblau

Pantone 369 C

CMYK 68 0 100 0
RGB 100 167 11
HEX/HTML #64A70B
Folie 3M SC 80-719 Apple Green
Lakk RAL 6018 Gelbruen

Pantone 341 C

CMYK 95 5 82 24
RGB 0 122 83
HEX/HTML #007A53
Folie 3M SC 80-1645 Intense Green
Lakk RAL 6029 Minzgruen

Pantone 165 C

CMYK 0 70 100 0
RGB 255 103 31
HEX/HTML #FF671F
Folie 3M SC 80-14 Bright Orange
Lakk RAL 2008 Hellrotorange

Pantone 201 C

CMYK 7 100 68 32
RGB 157 34 53
HEX/HTML #9D2235
Folie 3M SC 80-53 Cardinal Red
Lakk RAL 3002 Karminrot

1

2

3

3.0 TYPOGRAFI

3.1 Skrifftype design

Ved grafisk utforming er **skrifftypen Macha** retningsgjevande, med ei visuell framtoning nær opptil skrifftypen som er teken i bruk på nettsida for Kvam herad.

Macha skal i hovudsak nyttast i skriftvektene **Bold** og **Book**, med tilhøyrande **Italic** (kursiv/ skrånstilt).

Ved forsterking av tekstbiletet kan alternativet **Medium** nyttast, og **Thin** for kontrastar og dekor.

For sistnemnde bør det nyttast varsemd ved liten storleik grunna leselegheit. Det er også ei tilråding å unngå ligaturar (samansette skriftteikn som heng saman fi, ff) grunna leselegheit.

Macha Bold + Bold Italic

ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZ

abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå

0123456789 ; ? ! & @ ' ' " " « » % * ^ # \$ £ € ¢ / () [] { } . , ® ©

Lorem ipsum dolor sit amet, consectetur adipiscing elit, sed do eiusmod tempor incididunt ut labore et dolore magna aliqua.

Lorem ipsum dolor sit amet, consectetur adipiscing elit, sed do eiusmod tempor incididunt ut labore et dolore magna aliqua.

Macha Book + Book Italic

ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZ

abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå

0123456789 ; ? ! & @ ' ' " " « » % * ^ # \$ £ € ¢ / () [] { } . , ® ©

Lorem ipsum dolor sit amet, consectetur adipiscing elit, sed do eiusmod tempor incididunt ut labore et dolore magna aliqua.

Lorem ipsum dolor sit amet, consectetur adipiscing elit, sed do eiusmod tempor incididunt ut labore et dolore magna aliqua.

ALTERNATIVE SKRIFTVEKTER (utheving - sitat - dekor)

Macha Medium + Medium Italic

ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZ

abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå

0123456789 ; ? ! & @ ' ' " " « » % * ^ # \$ £ € ¢ / () [] { } . , ® ©

Lorem ipsum dolor sit amet, consectetur adipiscing elit, sed do eiusmod tempor incididunt ut labore et dolore magna aliqua.

Lorem ipsum dolor sit amet, consectetur adipiscing elit, sed do eiusmod tempor incididunt ut labore et dolore magna aliqua.

Macha Thin + Thin Italic

ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZ

abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå

0123456789 ; ? ! & @ ' ' " " « » % * ^ # \$ £ € ¢ / () [] { } . , ® ©

Lorem ipsum dolor sit amet, consectetur adipiscing elit, sed do eiusmod tempor incididunt ut labore et dolore magna aliqua.

Lorem ipsum dolor sit amet, consectetur adipiscing elit, sed do eiusmod tempor incididunt ut labore et dolore magna aliqua.

3.0 TYPOGRAFI

3.2 Skriftype digitale malar

For digitale malar og dokument som inngår i Office sin programvare for kontorbruk (Powerpoint, Wordmal, E-post osv.), er det valt ein tilgjengeleg skriftype som tek vare på uttrykket frå skrifttypene for design og nettside.

Ved grafisk utforming i t.d. Power Point og Word, skal skrifttypen **Calibri** nyttast. Variasjon og kontrast gjeld også her, og skriftvektene **Bold**, **Regular** og **Light** med tilhøyrande **Italic**, er eigna variantar for ei heilheitleg og ryddig grafisk framtoning.

Calibri Bold + Bold Italic

ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZ

abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå

0123456789 ÿ ? ¡ ! & @ ' ' " " « » % * ^ # \$ £ € ¢ / () [] { } . , ® ©

Lorem ipsum dolor sit amet, consectetur adipiscing elit, sed do eiusmod tempor incididunt ut labore et dolore magna aliqua.

Lorem ipsum dolor sit amet, consectetur adipiscing elit, sed do eiusmod tempor incididunt ut labore et dolore magna aliqua.

Calibri Regular + Italic

ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZ

abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå

0123456789 ÿ ? ¡ ! & @ ' ' " " « » % * ^ # \$ £ € ¢ / () [] { } . , ® ©

Lorem ipsum dolor sit amet, consectetur adipiscing elit, sed do eiusmod tempor incididunt ut labore et dolore magna aliqua.

Lorem ipsum dolor sit amet, consectetur adipiscing elit, sed do eiusmod tempor incididunt ut labore et dolore magna aliqua.

Calibri Light + Light Italic

ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZ

abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå

0123456789 ÿ ? ¡ ! & @ ' ' " " « » % * ^ # \$ £ € ¢ / () [] { } . , ® ©

Lorem ipsum dolor sit amet, consectetur adipiscing elit, sed do eiusmod tempor incididunt ut labore et dolore magna aliqua.

Lorem ipsum dolor sit amet, consectetur adipiscing elit, sed do eiusmod tempor incididunt ut labore et dolore magna aliqua.



4.0 GRAFISKE ELEMENT

4.1 Rosene (krotabord)

Dei grafiske elementa for Kvam herad er ei stilisert utgåve av detaljar frå handverks-tradisjonen med krotabordene i dei gamle røykstovene i Kvam. Krotabordene inneheld roseelement frå blomebarokken og er ofte framstilt i kvitt mot mørkt treverk.

Handverksteknikkane frå rosemålinga og blomebarokken var også mykje nytta på dei spesielle skautaskrina, for oppbevaring av faldaskautet til hardangerbunaden. Tradisjonen tru skulle motiva vera lukke-bringande ved høgtid og fest.

Det er utforma ei bord ut av to rosevariantar. Desse skal nyttast i det grafisk uttrykket for Kvam herad. På denne måten er dei med på å skapa gjenkjenning i all utforming for heradet.



4.0 GRAFISKE ELEMENT

4.2 Mønstervariasjonar


Krotabord og rosene er dei berande elementa i den grafiske profilen for Kvam herad. Elementa kombinert med fargepaletten utgjer eit utval variasjonar for bruk.

I hovudtrekk skal **Krotabord** i utgangspunktet framstå kvitt mot dei mørke nyansane i fargepaletten. I nokre tilfelle, for eit lettare uttrykk, er det mogleg å nytte krotabord i rein farge i den lyse varianten frå fargepara. (Eksempel: produksjonar som eignar seg med mindre fargetrykk eller produksjonsmetodar til t.d. merking) Det er også tatt høgde for ein svart/kvitt-kontrast.

Merk:

Krotabord **utan bakgrunn** er kun tilgjengeleg som grå variant ved svart/kvitt-utforming.

Rosene (**Rose 1 og Rose 2**) kan nyttast enkeltvis og har i tillegg ein nedtona variant (**20% fargemetning - Merk: Grå har 15 % fargemetning**), for dekor og bakgrunn. Sjå elles ulike eksempel på design for bruk og variasjonar.



Rose1_bre



Rose2_bre



Rose1_eng



Rose2_eng



Rose1_frukt



Rose2_frukt



Rose1_graa



Rose2_graa



5.0 FOTOSTIL

5.1 Biletbruk

Bilete saman med den øvrige grafiske utforminga og tilhøyrande element, er ei god verktøykasse for å tydeleggjere innhald og budskap i all kommunikasjon.

Dei styrande dokumenta under **0.1** og **0.2** gir føringar som fint kan etterlevast i val av bilete og utvikling av ein eigen fotostil for Kvam herad.

Det vert jamleg arbeidd med utvikling av fotoarkiv for intern og ekstern bruk.

Det bør vera ei målsetjing å visa styrken i Kvam si **historie, identitet og kultur.**

Kvam har eit vidt spekter av tradisjonar og handverk, i tillegg til engasjement og viljen til å **skapa** noko.



Kombinasjonen av **gammal og ny tid**, er eit godt utgangspunkt for å skapa spenning i biletval og utforming.

Eksempla til høgre viser eit utval bilete som kvar for seg inneheld det særigne ved Kvam.

Kommunikasjon ved hjelp av foto vil også kunne gi signal til innbyggjarane i Kvam om å ta vare på og vidareutvikla det som har vore og det som kan bli det robuste og pulserande regionsenteret, jamfør Kvam si hovudmålsetjing.

Fotoreferansar for eksempelbileta i denne profilhandboka:

1. Knut Markhus
2. Frank Tangen
3. Aud Charlotte Økland
4. Perny Eide Linga
5. Torjan Haaland
6. Sigbjørn Linga



6.0 ANNONSAR

6.1 Stillingsannonser

Eksempla viser stillingsannonser med proporsjonar jamfør Hordaland Folkeblad sitt modulkart.

1. Modul 22 - 2 spaltar
(96 x 144 mm)

2. Modul 12 - 2 spaltar
(96 x 71 mm)

Stillingsannonser er i stor grad utforma i fargar. I annonseutforminga er det høve til å ta i bruk dei grafiske elementa for gjenkjenningseffekt.

1. Der plassen tillet det, og annonseformatet er eit utprega **ståande** format, er det vist eit eksempel med lang **krotabord i nedre kant**.

2. Ved mindre annonsemødular, kan ein utelate krotabord med omsyn til plass og tekstmengde. Halv rose i lys fargetone er då plassert til høgre som bakgrunns-element.

Der det er etterspurt tilpassing for 1 farge, er det også vist ein tilsvarande variant i svart/kvitt.

 **Kvam herad**

Hjelpeleiar/omsorgsarbeidar på natt
59,3 % fast stilling

Stillinga er ledig frå 01.08.20XX og er for tida knytt til nattevaktsteamet i sone Øystese der arbeidsområda er inne i institusjon, omsorgsbustad og ute i heimane. Denne stillinga er for tida mest knytt til arbeid ute i heimane og i omsorgsbustadane.

KVALIFIKASJONAR OG EIGENSKAPAR
Du må ha godkjent utdanning som hjelpeleiar eller omsorgsarbeidar og kunne arbeide sjølvstendig. Du må ha førarkort for bil.

KONTAKTPERSON
Gruppeleiar i gr. 3 Namn Namnesen, tlf. 00 00 00 00 eller soneleiar Namn Namnesen mob. 000 00 000

Søknadsfrist: 14. mars 20XX
Fullstendig utlysingstekst sjå: www.kvam.no

Sentralbordet er ope frå 9–15
T: 56 55 30 00 F: 56 55 30 01
E: postmottak@kvam.kommune.no *Framtida er her*



1. Eksempel på stillingsannonse Modul 22

2. Eksempel på stillingsannonse Modul 12

 **Kvam herad**

Konsulent

Stab- og forvaltingsavdelinga i Helse og omsorg har ledig 100 % stilling som konsulent frå 1. januar 20XX.

Søknadsfrist: 12. november 20XX

Sjå elektronisk søknad på www.kvam.no
Her finn du også fullstendig utlysingstekst.

Sentralbordet er ope frå 9–15
T: 56 55 30 00 F: 56 55 30 01
E: postmottak@kvam.kommune.no *Framtida er her*



 **Kvam herad**

Hjelpeleiar/omsorgsarbeidar på natt
59,3 % fast stilling

Stillinga er ledig frå 01.08.20XX og er for tida knytt til nattevaktsteamet i sone Øystese der arbeidsområda er inne i institusjon, omsorgsbustad og ute i heimane. Denne stillinga er for tida mest knytt til arbeid ute i heimane og i omsorgsbustadane.

KVALIFIKASJONAR OG EIGENSKAPAR
Du må ha godkjent utdanning som hjelpeleiar eller omsorgsarbeidar og kunne arbeide sjølvstendig. Du må ha førarkort for bil.

KONTAKTPERSON
Gruppeleiar i gr. 3 Namn Namnesen, tlf. 00 00 00 00 eller soneleiar Namn Namnesen mob. 000 00 000

Søknadsfrist: 14. mars 20XX
Fullstendig utlysingstekst sjå: www.kvam.no

Sentralbordet er ope frå 9–15
T: 56 55 30 00 F: 56 55 30 01
E: postmottak@kvam.kommune.no *Framtida er her*



 **Kvam herad**

Konsulent

Stab- og forvaltingsavdelinga i Helse og omsorg har ledig 100 % stilling som konsulent frå 1. januar 20XX.

Søknadsfrist: 12. november 20XX

Sjå elektronisk søknad på www.kvam.no
Her finn du også fullstendig utlysingstekst.

Sentralbordet er ope frå 9–15
T: 56 55 30 00 F: 56 55 30 01
E: postmottak@kvam.kommune.no *Framtida er her*



6.0 ANNONSAR

6.2 Møte-/aktivitetsannonser

Eksemplet viser møte-/aktivitetsannonse med proporsjonar jamfør Hordaland Folkeblad sitt modulkart.

Modul 13 - 3 spaltar
(146 x 71 mm)

Møteannonser kan som stillingsannonse utformast i fargar.

Der plassen tillet det, og annonseformatet er eit utprega **liggande** format, er det vist eit eksempel med lang **krotabord i høgre kant**.

Ved mindre annonsemodular, kan utforming jamfør stillingsannonser (6.1) takast i bruk.

Der det er etterspurt tilpassing for 1 farge, er det også vist ein tilsvarande variant i svart/kvitt.



Informasjonsmøte om kulturminneplanen

I samband med at formannskapet har lagt kulturminneplanen ut til høyring og offentleg ettersyn, vert det arrangert **ope møte på Kabuso, Øystese** **tysdag 24. april, kl. 18.00–20.00**

Sentralbordet er ope frå 9–15
T: 56 55 30 00 F: 56 55 30 01 E: postmottak@kvam.kommune.no

Framtida er her

Program

- Innleiing ved samfunns- og utviklingssjef, Jon Nedkvitne, Kvam herad
- Gjennomgang av plan og innhald, Frans-Arne Hedlund Stylegar, Multiconsult
- Kulturminneforvaltning i praksis, bonde- og kulturminneforvaltar Kåre Nes
- Kaffi
- Spørsmål

Alle med interesse for kulturminneforvaltning er velkomne





Informasjonsmøte om kulturminneplanen

I samband med at formannskapet har lagt kulturminneplanen ut til høyring og offentleg ettersyn, vert det arrangert **ope møte på Kabuso, Øystese** **tysdag 24. april, kl. 18.00–20.00**

Sentralbordet er ope frå 9–15
T: 56 55 30 00 F: 56 55 30 01 E: postmottak@kvam.kommune.no

Framtida er her

Program

- Innleiing ved samfunns- og utviklingssjef, Jon Nedkvitne, Kvam herad
- Gjennomgang av plan og innhald, Frans-Arne Hedlund Stylegar, Multiconsult
- Kulturminneforvaltning i praksis, bonde- og kulturminneforvaltar Kåre Nes
- Kaffi
- Spørsmål

Alle med interesse for kulturminneforvaltning er velkomne



6.0 ANNONSAR

6.3 Informasjonsannonser

Eksemplet viser informasjonssannonse med proporsjonar jamfør Hordaland Folkeblad sitt modulkart.

Modul 23B - 3 spaltar
(146 x 107 mm)

Eksemplet for informasjonsannonser gir rom for biletbuk og fungerer då best i fargar. Ved breiddeformat er krotabord lagt til høgre for eventuelt foto/illustrasjon.

Ved tilpassing for 1 farge (svart/kvitt), sjå eksempel på element nytta i annan annonseutforming (6.2 og 6.3).



FORELDRA SI STEMME I BARNEHAGE OG SKULE I KVAM

BRUKARMEDVERKNAD
Samling for alle foreldre i SU-barnehagar og FAU-skular:

Kvam rådhus måndag 21. oktober

- SU: foreldrerepresentantar barnehagar
kl. 18-19
- FAU: foreldrerepresentantar skular
kl. 19-20

Kva er ein god barnehage/skule for dykk foreldre?
Hjarteleg velkomen
- me gler oss til å møte dykk!

Helsing barnehage- og skuleleiinga i Kvam

Grovagjelet 16, 5600 Norheimsund
Sentralbordet er ope frå 9-15
T: 56 55 30 00 F: 56 55 30 01 E: postmottak@kvam.kommune.no



Framtida er her



7.0 KONTORMATERIELL


7.1 Brevark

Ved **trykte brevark** for Kvam herad, er utforminga utan tekst og kun med profilelement i rein lysblå logofarge (1 trykkfarge):
Logo - blå/kvit
Krotabord utan bakgrunnsfelt

Brevarket har flater med rom for lite og mykje tekstinnhald. Utforminga tillet utskrift utan utfallande fargar ved margane.

1. Trykt brevark kan nyttast ved papirutskrift av tekstoppssett frå digital brevmal eller ved andre behov for papirutsending frå Kvam herad.

2. Adressefelt og organisasjonsinformasjon vert lagt til i den digitale brevmalen med lesarvenleg farge. (Sjå 8.0 Digitale malar)



1. Eksempel på trykt brevark

2. Eksempel på plassering av adressefelt frå eigen digital brevmal

Adresse: Kvam rådhus, Grovagjelet 16, 5600 Norheimsund | Telefon: 56 55 30 00
postmottak@kvam.kommune.no | Bankgironr.: 3530.28.24892 | Foretaksnr.: NO 944 233 199 MVA | www.kvam.no



7.0 KONTORMATERIELL


7.2 Konvoluttar

Eksempla viser to ulike små konvoluttypar for kontorbruk (E65 og C5). Utforminga høver også for tilsvarende konvoluttar med vindauge.


Fargeval og element samsvarar og utfyller utforminga for trykt brevark.

I tillegg er det vist eksempel på tilpassa plassering av dekorelement i nedre kant for store konvoluttar. Det er teke omsyn til Posten sine krav om felt utan trykk/tekst for elektronisk scanning av post.

E65



C5



EC4



7.0 KONTORMATERIELL

7.3 Stempel

Eksempel på stempelstorleikar med proporsjonar ved bruk av hovudlogo

Dersom det føreligg fargeval ved produksjon som er nær opptil logofarge, er dette naturleg å nytta.

Eksempla viser også oppsetta ved bruk av svart stempelfarge, og korleis ein kan integrere ekstra informasjon som t.d. ved vigsel.

Forslag til storleikar:

1. Sirkel: Diameter =32 mm
2. Rektangel: Opptil 50 mm breidde

1. Eksempel på storleik stempel, sirkel, blå og svart - eventuelt m/tilleggstekst

Diameter 32 mm



2. Eksempel på storleik stempel, rektangel, blå og svart - eventuelt variant for eining

Breidde 50 mm



7.0 KONTORMATERIELL

7.4 ID-kort

Eksempel:

Liggande format, 54 x 86 mm
(tilnærma kredittkortstorleik)

Eksempla viser kort med chip.

1. Utforminga er tilpassa for personleg foto.
For ID-kort skal personleg informasjon
innehalda fullt namn og kva eining
den tilsette representerer.

2. Tilpassing med dekorelement
istadenfor bilete, kan nyttast for ID-kort
ved kortvarige/mellombelse tilsetjingar.



1. Eksempel på ID-kort MED foto



2. Eksempel på ID-kort UTAN foto

8.0 DIGITALE MALAR

8.1 Brevmal (Word)

Det vert nytta **digital brevmal** for Kvam herad.

Oppsettet viser skrifttype for digitale malar, Calibri, i ulike storleikar og variantar for utheving av tekst.

1. Plassering av logo og profilelement har eiga tilpassing for digital brevmal. Enkel rose i lysblå fargevariant er plassert i øvre høgre hjørne for ei meir dempa framtoning samanlikna med oppsett ved trykt brevark. (Sjå 7.0 Kontormateriell).

Adresselinja nedst ligg fast som botnelement i den digitale malen.

Det er sett av eit eige område i øvre høgre hjørne for mellombelse og eksterne tilleggslogoar der tema og kampanjar er relatert til Kvam herad.

2. Oppbygginga i den digitale malen fungerer også som **utgangspunkt for tekstplassering ved papirutskrift på førtrykt brevark** (sjå eksempel til høgre).

Kvam herad Av-og-til
Plassering av ev. tilleggslogo

ELEKTRONISK POST (eksempel 16 pkt Bold)

Frå: Fellessekretariatet (12 pkt Regular)

Til: Mottakar v/Førenamn Etternamn

Vår ref.: 00/0000-00 Arkiv: X-000 Dato: 00.00.2020
(11 pkt Bold)

Overskrift (16 pkt Bold)
med moglegheit for fleire linjer

Cium simolorerum nimpori omni ommoloruptis estrum comnit quid que dolorestia cust fugiatur, in nonsedionet fugiaspe pedis ipsam, con con nit ad esti te pelent re doluptureius dolupit harunto blabo. Pudaere runtia dolente sus et imus ipsunt adiate laboritatur molo ex est explic tenias dellacedped... (12 pkt Regular)

Vedtak: (12 pkt Bold)

- Pudaere runtia dolente sus et imus ipsunt adiate laboritatur molo ex est explic tenias dellacedped ut liquam in plaborenias...

Klage, jfr § 00: (12 pkt Bold Italic)
Det er høve til å klaga på vedtaket.
Klagefrist er 3 veker frå de mottek dette brevet.
Klage skal førebust og avgjerast utan ugrunna opphald, jfr forvaltningslova kap VI.
(12 pkt Regular Italic)

Krav om grunngeving, jfr § 00:
Innan 3 veker frå motteke avslag kan de be om nærare grunngeving for svaret, de har då rett på svar innan 10 arbeidsdagar.

Informasjon om svarfrist:
Har de ikkje motteke svar på søknad etter 5 arbeidsdagar, er det å rekna som eit avslag og de har rett til å klaga.

Med helsing

Tittel
Førenamn Etternamn

KOPI TIL: (12 pkt Bold)		
Førenamn Etternamn (11 pkt R.)		

Adresse: Kvam rådhus, Grovgjelet 16, 5600 Norheimsund | Telefon: 56 55 30 00
postmottak@kvam.kommune.no | Bankgironr.: 3530.28.24892 | Foretaksnr.: NO 944 233 199 MVA | www.kvam.no (9 pkt R.)

1. Eksempel på plassering av element og tekst for digital brevmal

Kvam herad Av-og-til
Plassering av ev. tilleggslogo

ELEKTRONISK POST

Frå: Fellessekretariatet

Til: Mottakar v/Førenamn Etternamn

Vår ref.: 00/0000-00 Arkiv: X-000 Dato: 00.00.2020

Overskrift
med moglegheit for fleire linjer

Cium simolorerum nimpori omni ommoloruptis estrum comnit quid que dolorestia cust fugiatur, in nonsedionet fugiaspe pedis ipsam, con con nit ad esti te pelent re doluptureius dolupit harunto blabo. Pudaere runtia dolente sus et imus ipsunt adiate laboritatur molo ex est explic tenias dellacedped... (12 pkt Regular)

Vedtak:

- Pudaere runtia dolente sus et imus ipsunt adiate laboritatur molo ex est explic tenias dellacedped ut liquam in plaborenias...

Klage, jfr § 00:
Det er høve til å klaga på vedtaket.
Klagefrist er 3 veker frå de mottek dette brevet.
Klage skal førebust og avgjerast utan ugrunna opphald, jfr forvaltningslova kap VI.

Krav om grunngeving, jfr § 00:
Innan 3 veker frå motteke avslag kan de be om nærare grunngeving for svaret, de har då rett på svar innan 10 arbeidsdagar.

Informasjon om svarfrist:
Har de ikkje motteke svar på søknad etter 5 arbeidsdagar, er det å rekna som eit avslag og de har rett til å klaga.

Med helsing

Førenamn Etternamn

Tittel

Min Etternamn

Adresse: Kvam rådhus, Grovgjelet 16, 5600 Norheimsund | Telefon: 56 55 30 00
postmottak@kvam.kommune.no | Bankgironr.: 3530.28.24892 | Foretaksnr.: NO 944 233 199 MVA | www.kvam.no

2. Eksempel på plassering ved utskrift av **kun tekst** på førtrykt brevark (7.1)

8.0 DIGITALE MALAR

8.2 E-postsignatur

(Signatur per januar 2020 - utan logo)


Namn (Førenamn Etternamn):
Calibri Bold Italic - 12 pkt

Tittel:
Calibri Regular - 10 pkt

Telefon, mobil:
Calibri Regular - 10 pkt

Epost:
Calibri Regular - 10 pkt,
med lenkje til epostadresse

Avsendar (eksempel «Kvam herad»):
Calibri Regular - 10 pkt,
med lenkje nettside «kvam.no»



8.0 DIGITALE MALAR

8.3 Presentasjon (Powerpoint)

Eksempla viser utforming for malsider ved presentasjonar for 16:9-format (widescreen), i tråd med mykje av skjermene og panela som blir nytta i møterom og konferansesalar.

Hovudoppsettet i blåtonar viser tre ulike malsider:

1. Tittelside/opningside for presentasjon (med moglegheit for heildekkande bilete)
2. Tekstsider for mengdetekst og opplisting
3. Kapittelside/opningside for nytt emne

Det er også vist eksempel på ulik fargebruk for same grafiske oppsett:


Blå variant	FJORD
Grøn variant	SKOG
Raud variant	ARV

I tillegg viser desse korleis biletbuena kan varieras ved behov/tilgjengeleg biletmateriell.

1



2




3




FJORD

Variantar i tråd med fargepaletten for Kvam herad



SKOG



ARV

8.0 DIGITALE MALAR

8.4 Rapportframsider (Word)

Digital mal for framside ved rapportar er utforma med tanke på brukarvenleg tilpassing i tillegg til enkel utskrift med kvit marg.

1. Hovudmalen (A) viser overskrift og undertittel med eitt hovudbilete som blikkfang. Her kan det også plasserast andre biletutsnitt som illustrasjonar, kart og liknande.


Det er valt ståande krotabord til høgre og ei vassrett skiljelinje i lys fargetone for å framheve den grafiske profilen. Mindre tekst og dato har fått plass i nedre kant.

2. Eksempla (B) viser korleis ein kan kombinera fleire bilete innanfor avgrensa område, i tillegg til fargefelt og ekstra tekst.

Maloppsettet for rapportar skal vera fleksibelt for å kunne ta i bruk dei ulike variantane frå fargepaletten, som eksempel A eller B:


- Lys blå variant *BRE*
- Lys grøn variant *ENG*
- Oransje variant *FRUKT*

A_BRE



1. Eksempel på rapportframside digital mal

2. Eksempel på variasjonar over profilfargar og biletoppsett innanfor same rame som hovudmal



9.0 TRYKKSAKER/INFORMASJON

9.1 Brosjyre - Faldar

Ved utforming av egne trykksaker, er det skissert eksempel med skrifttype for design, Macha.

Dette er ein skrifttype nytta i Adobe-programma og malar i Adobe InDesign kan nyttast til utforminga.

All tekst (overskrifter, ingress og mengdetekst) skal i hovudsak setjast i mørk blå profilfarge der det er lys bakgrunn, jamfør fargebruk på nettsida.


Det er også mogleg å konsekvent nytta svart tekst der dette er meir tenleg for produksjon.

1. og 2. Eksemplet viser to sider av brosjyre (A5) med gjennomgåande kvit marg.

Storleikar, plassering av element og justering, tek utgangspunkt i ein grid med fem like høgder innanfor desse margane.

3. Fargar og dekolement med ulike nyansar kan takast i bruk for variasjon. Også den fullfarga rosa kan nyttast som blikkfang der det ikkje kjem i konflikt med tekstområde.


For utforming der fargar og element er utfallande, sjå 9.2 Planar - Meldingar.



1. Eksempel på framside brosjyre (A5)



2. Eksempel på innholdsside brosjyre (A5)



3. Variasjon over innholdssider med ulike fargeval



9.0 TRYKKSAKER/INFORMASJON

9.2 Planar - Meldingar

Planar og meldingar, til liks med brosjyre/faldar (9.1), er utforma med tanke på malar i Adobe InDesign.

Det er likevel mogleg å nytta tilsvarande variasjonar i andre program ein er komfortabel med bruken av.

Eksempla viser ulike måtar å nytta den grafisk profilen med element/fargar.

Tekstfarge kan vera både mørk blå og svart, men det bør takast omsyn til konsekvent bruk for reinast uttrykk på framsider eller innhaldssider.

Dei ulike variantane i skrifttypen Macha kan nyttast for utheving og sitat, på lyse og mørke bakgrunnar.

For grafar og figurar er det høve til å nytta heile spekteret frå fargepaletten. (Sjå 2.0 Fargar)



1. Framsider for Planar og meldingar fyller formatet (A4).

Storleikar, plassering av element og justering, tek utgangspunkt i ein grid med fem like høgder innanfor den totale formathøgda.

2. På innhaldssider er bruk av margar med på å gi luft rundt tekst, figurar og biletkomposisjonar.



1. Eksempel på framsider, Planar (A4)



2. Eksempel på innhaldssider, Planar (A4)

10.0 MERKING

10.1 Køyrety

Bildekor for Kvam herad kan nyttast på ulike tenestekøyrety. I hovudsak viser eksempla utforminga for lyse bilar.

Merk: Logovariantane og fargepaletten i profilhandboka tillet tilpassingar dersom det blir gjort endringar til mørkare fargepalett i bilparken for Kvam herad. (T.d. kvit logo og kvit krotabord og tekst)

1. Generell dekor med hovudlogo, profilelement og slagord.

Eksemplet syner alle variantar på ein bil. I røynda vil det vera naturleg å velja maks. to plasseringar per bil (heradsmerke framme, på sidene eller bak, roser på sidene eller bak).

2. Dekor for tenestebil.



Eksemplet har logovariant med undertekst for eining og tilleggsinformasjon (vakttelefonnr.) istadenfor nettadresse.

Istadenfor full logo med undertekst på panser, er det mogleg å nytta kun våpenskjold, sentrert plassering.


For tenestebil vil det bak vera naturleg med logo og vakttelefonnr.

Roser kun på sidene.

1



2



10.0 MERKING

10.2 Bygg - Introduksjon

Den grafiske profilen for Kvam herad opnar for bruk på ulike flater og medium for einsarta kommunikasjon og synleggjering internt og mot publikum.

Det er difor ei målsetjing å bruka det grafiske uttrykket også på skilting og merking av bygg for Kvam herad.

Eksempla under **10.2.1** og **10.2.2** viser eit utval merkingar for bygg og forslag til skilttypar, utvendig og innvendig.

Eksempla i handboka tek utgangspunkt i fargeparet lys blå/mørk blå (BRE/FJORD). Det må takast omsyn til kontrastar ved eventuell tilpassing med andre fargepar frå paletten.

Til høgre er det samla eit utval av område der det kan vera behov for skilting, merking og eit felles uttrykk.

1. Fasadeskilt
2. Informasjonsskilt UTE - Parkering/tilvising
3. Avblending inngangsparti/vindaugsflater
4. Informasjonsskilt INNE
5. Tilvising/retning
6. Stadskilt
7. Serviceskilt
8. Dørskilt

*Ved skilting og merking må det takast omsyn til krav til universell utforming, til haldbarheit, materialval, miljø og pris.
Kvam herad skal gjennom sine innkjøp fremja effektiv ressursutnytting og ta samfunnsansvar.*



10.0 MERKING

10.2.1 Bygg - UTVENDIG del 1

Eksempel:

Fasadeskilt

- rådhuset og andre kommunale bygg

Informasjonsskilt

- plassering ved innkøyrslar eller på sjølve bygget

Parkeringskilt

- plassert godt synleg i starten og langs område innkøyrsel

Fasadeskilt, rådhuset - frittstående symbol og bokstavar

A. Originalfargar



B. Blå/kvit



Fasadeskilt, andre bygg - frittstående symbol og bokstavar



Fasadeskilt, andre bygg - alternativ med skiltplate og rettleiande avstandsmål rundt logo (Sjå 1.3)



Informasjonsskilt,

frittstående montert på sokkel/søyler
- eller montert på vegg



Parkeringskilt/tilvising

frittstående montert på sokkel/søyle



10.0 MERKING

10.2.1 Bygg - UTVENDIG del 2

Eksempel:

Avblending for inngangsparti/vindaugsflater

- montert på flater som krev ekstra markering ved universell utforming, og for tydeleggjering av inngangsparti/vindaugsflater

1a og 1b.

Delvis transparent avblending for hovudinngang, med våpenskjold

2a og 2b.


Delvis transparent avblending for sekundære inngangsparti, med dekorelement

Eksempla for utvendig dekor er eit utgangspunkt for avblending elles i bygget, med tilpassingar for storleik og informasjon.

Hovudinngang


1a. Fargesterk dekor med tett farge på element i front

1b. Dempa variant, med utskorne element




Sekundære inngangsparti

2a. Fargesterk : Dempa variant



2b. Dempa variant med fargesterk tekst for informasjon



10.0 MERKING

10.2.2 Bygg - INNVENDIG

Eksempel:

Informasjonsskilt

- plassering i hall/inngangsområde

Tilvisingsskilt/retning

- plassert godt synlig langs gangretning til ulike etasjer og lokaliteter

Stadskilt

- synleggjering av rom/lokale på staden

Serviceskilt

ved toalett, garderobe, heis osv.

Dørskilt,

orientering om møterom eller kontor med personnamn om tittel

Informasjonsskilt,

frittstående på golv, montert i system - eller montert på vegg



Tilvisingsskilt/retning,

nedheng frå tak, utheng frå vegg - eller montert på vegg



Stadskilt,

montert på vegg/dør/tilgjengeleg flate



Serviceskilt,

montert på vegg/dør/tilgjengeleg flate



Dørskilt,

print montert i system, på vegg/dør/tilgjengeleg flate



Eksempel på element ved taktil utforming

DAME ⠠⠠⠠⠠⠠

HERRE ⠠⠠⠠⠠⠠⠠⠠

HEIS ⠠⠠⠠⠠⠠

Merking for universell utforming

krev taktile flater i form av freste element eller utheva punktsskrift.

Det er tilrådd å nytta skrifttypen **Braille** saman med t.d. tavler for orientering, stadskilt og serviceskilt.

10.0 MERKING

10.3 Tilsette

Merking av kle og av arbeidstøy er ein måte å skapa identitet for dei tilsette og eit sams ansikt ut mot publikum.

Eksemplet viser t-skjorter, med plassering som let seg overføra til andre klesplagg, både for inne- og utebruk.

For kvite tekstilar er det nytta lys blå logofarge. For mørke tekstilar fungerer kvit logo og dekorelement best. Det bør alltid vurderast kva variant og ev. storleik som skal nyttast, utifrå bakgrunnsfarge og produksjonsmetode.



11.0 MESSEMATERIELL/DISPLAY


11.1 Rollup

Eksempla viser rollup med dimensjonane 80 x 200 cm.

Ved messer og presentasjonar bør det leggest vekt på å utvikla eit knippe rollup for gjenbruk. Utforminga bør ta omsyn til at kvar enkelte rollup kan nyttast for seg eller eventuelt saman to eller fleire.

Oppsettet under viser variasjonen i bruk av profilelement, fargebruk og tekst, ved ulike behov for å kommunisera ein budskap. Generell variant eller spesifikk for ei eining eller tenestoområde, mykje eller lite tekst, med eller utan foto.

Det er teke utgangspunkt i ein grid med fem like høgder innanfor den totale formathøgda for variasjon i formspråket og konsekvent plassering av bilete og bakgrunnar.



12.0 INTERNETT/SOSIALE MEDIUM

12.1 Facebook profilbilet/logo

Jamfør Facebook retningslinjer, januar 2020


Utgangspunkt for profilbilet på Facebook er eit kvadrat (180 x 180 pikslar).

Oppsett og element i profilbiletet må i tillegg vera tilpassa mogleg vising som sirkel.


Eksempla viser bruk av våpenskjold frå hovudlogo, her i blått og sølv. Det er også mogleg å velja ein mørkare variant med positiv form av våpenskjold, jamfør alminneleg bruk av logo i fargar.

Det er ikkje naudsynt å nytta svart/kvitt-variantar til skjermvising på sosiale medier.



Profilbiletet innanfor eit kvadrat med avstandsmål til våpenskjold, og markering av mogleg vising i sirkel



Eksempel på profilbiletet i fargar, lys og mørk variant



Eksempel på feil bruk av profilbiletet



12.0 INTERNETT/SOSIALE MEDIUM

12.2 Facebook framsidebilette

Jamfør Facebook retningslinjer, januar 2020

Ved utarbeiding av framsidebilette for Facebook, bør elementa tilpassast ulike visingsutsnitt for desktop og mobil.

Facebook opererer med jamlege oppdateringar for korleis dei ulike delane på sida framstår, og det er naudsynt å halda seg orientert om korleis dette påverkar innhaldet i biletruta.

For ein større variasjon og gjenkjenning av den grafiske profilen, er det mogleg å nytta tilleggslelement utanom reine foto.

Eksempla viser variasjon over innhald og oppbygging:


1. Bruk av tekst i samband med informasjon/kampanjar

2. Foto i kombinasjon med hovudelementa frå den grafiske profilen

1



2



Vising av plassering og utsnitt for både profilbilette og framsidebilette på Facebook-side for Kvam herad



12.0 INTERNETT/SOSIALE MEDIUM

12.3 Snapfilter

Jamfør Snapchat retningslinjer, januar 2020

Ved utarbeiding av Snapfilter, må det takast omsyn til retningslinjer for type filter og illustrasjonsstil.
<https://support.snapchat.com/nb-NO/a/geofilter-guidelines>

Såkalla **samfunnsfilter** er tilgjengelege rundt spesielle stader og landemerke eller i løpet av bestemte markeringar eller helligdagar.

Eit samfunnsfilter kan slik høva for å marknadsføra og gjera Kvam som område synleg gjennom sosiale mediekkanalar.

Under er eit utval reglar ved produksjon av samfunnsfilter:


Ikkje bruk logoar eller varemerke.
Ikkje bruk bilete, eller bilete som er redigerte til å sjå ut som om dei er illustrerte.
Ikke bruk hashtagar.
Ikke dekk for mykje av skjermen med utforminga.

Merk!


Geofence (området) må setjast nøyaktig – det skal kun dekke det relevante området. Ikkje dekk eit heilt land, fylke eller kommune.

Eksemplet viser illustrasjonsstil ved Snapfilter for Kvam herad.

Grafiske dekorelement og utdrag frå visjonen er utgangspunktet for oppsettet med to språk - norsk og engelsk. Det er nytta omriss rundt tekst og illustrasjon, for bruk på lys og mørk bakgrunn.



Eksempel på hovudoppsett snapfilter, med to språk



Vising av snapfilter på foto, og markering av bufferområde på skjerm, utanfor synleg flate

Bufferområde

Bufferområde